

VEDTEKTER FOR NOREGS KRISTELEGE FOLKEHØGSKOLELAG

§ 1 Føremål

Føremålet for Noregs Kristelige Folkehøgskolelag (NKF) er å styrkja og forma ut den kristne folkehøgskolerørsla med forankring i evangelisk kristen vedkjenning.

§ 2 Arbeidsområde

- Halda ved lag ein pedagogisk og ideologisk debatt, og gjera den kristne folkehøgskolerørsla kjent.
- Hjelpa medlemmene til større dugleik i tenesta.
- Arbeida for gode løns- og arbeidsvilkår for medlemmene.
- Skolepolitisk arbeid, med sikte på gode rammevilkår for skoleslaget og dei einskilde skolane.

§ 3 Medlemskap

Noverande og tidlegare tilsette i folkehøgskolen kan vera medlemmer i NKF. Innmelding og utmelding skal skje skriftleg. Medlemskap er bindande til skriftleg utmelding skjer. Årsmøtet gjer vedtak om kontingentsatsar.

§ 4 Tilhøvet til dei kristne folkehøgskolane

Dei kristne folkehøgskolane er tilslutta Informasjonskontor for kristen folkehøgskole (IKF). NKF sitt tilhøve til IKF er regulert i ein eigen samarbeidsavtale. Gjennom samarbeidet med IKF har NKF og eit nært samarbeid med skolane.

§ 5 Organisasjonsstruktur

NKF-medlemmene ved ein skole utgjer eit lokallag av NKF. Lokallaget vel leiar, sekretær og kasserar for eitt år. Etter vedtak på årsmøtet disponerer lokallaget ein del av medlemskontingenten til føremål lokallaget gjer vedtak om.

Lokallaga i eit distrikt kan skipe distriktslag. Dette kan ta opp saker som har særleg interesse for medlemmene og skolane i distriktet. Organisering av distriktslag skal godkjennast av styret i NKF.

Rektorar som er medlemmer i NKF, blir tilslutta ein eigen rektorseksjon. Styret fastset mandat og organisering av rektorseksjonen.

§ 6 Årsmøtet

Årsmøtet er høgste styringsorgan i NKF. Det skal haldast årsmøte kvart år. Alle medlemmer har forslags- og røysterett i årsmøtet.

Årsmøtet skal:

- Godkjenna årsmelding og rekneskap for føregåande år.
- Vedta rammebudsjett for kommande år og revidert budsjett for inneverande år.
- Etter framlegg frå valkomiteen velja leiar for to år om gongen, to styremedlemmer for to år, og to varamedlemmer til styret for eitt år.
I framlegget frå valkomiteen bør det takast omsyn til breidde i dei funksjonane kandidatane har i skolesamfunnet.
- Etter framlegg frå styret velja medlemmer til valkomite, og velja revisor.
- Vedta prinsippprogram.

- Etter framlegg frå styret drøfte handlingsplanplan for verksemda kommande år, og gjennom vedtak og tilrådingar gje styret retningsliner for arbeidet.
- Gjera vedtak om tilslutning til, eller medlemskap i, andre organisasjonar.

Saker som medlemmer eller lokallag ynskjer skal leggjast fram for årsmøtet, må vera styret i hende seinast tre månader føre årsmøtet.

Sakspapir til årsmøtet skal sendast til lokallaga ein måned føre årsmøtet.

§ 7 Styret

Styret har seks medlemmer, eitt av desse skal vere styreleiar i IKF. Styret skal ha to varamedlemmer. Mellom årsmøta leiar styret laget sitt arbeid, i samsvar med vedtekter, prinsippprogram, handlingsplan og andre vedtak årsmøtet har gjort.

Styret skal:

- Velja nestleiar for eitt år.
- Leggja fram for årsmøtet årsmelding, revidert rekneskap, rammebudsjett for kommande år, og revidert budsjett for inneverande år.
- Tilsette personale i sekretariatet, utarbeide stillingsinstruksar og fastsette lønningar for dei tilsette.
- Oppnemna medlemmer til samarbeidsorgan, og til eigne nemnder, råd og utval.

§ 8 Samarbeidsorgan

NKF er representert i Folkehøgskolerådet ved leiaren og to medlemmer oppnemnd av styret for eitt år, eitt av medlemmene vert oppnemnd etter innstilling frå styret i IKF. Det oppnemnast personlege vararepresentantar for medlemmene.

NKF har den eine av dei to norske representantane i Nordisk Folkehøgskoleråd. Styret oppnemner representanten og ein vararepresentant.

§ 9 Prinsippprogram

Styret utarbeider framlegg til prinsippprogram for NKF. Framlegget blir sendt lokallaga til høyring før det blir lagt fram for årsmøtet. Årsmøtet vedtar prinsippprogram for 4 år.

§ 10 Handlingsplan

Styret utarbeider framlegg til handlingsplan, med prioritering av oppgåver og satsningsområde. Årsmøtet vedtar handlingsplan for eitt år om gongen.

§ 11 Oppløysing

Noregs Kristelege folkehøgskolelag kan oppløysast etter vedtak med minst 2/3 fleirtal på årsmøte. Eventuelt framlegg om oppløysing skal vere lagt fram i sakspapira og vere utsendt til lokallaga innan dei fristar som er fastsett i vedtektene. Ved eventuell oppløysing av laget, skal verdiar og eigedom nyttast slik det same årsmøtet gjer vedtak om.

§ 12 Vedtektsendringar

Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene for NKF med minst 2/3 fleirtal. Framlegg til endringar må vera styret i hende seinast 3 månader før årsmøtet.

Særleg viktige saker kan styret senda til uravrøysting mellom medlemmene, eller leggje saka fram for eit særskilt innkalla årsmøte.

Sist endra ved årsmøtevedtak 03. juni 2019